

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	FE-026	20/314

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/23	Kommunestyret	PS	27.04.2023

2. gongs høyring og offentleg ettersyn - «Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland»

Vedlegg:

Høyringsbrev - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland (1)

planskildring 2. gongs høyring sjøareal

merknadar til 1 gangs høyring plan for sjøareal

Kommunestyresak

**Saksutgreiing:**

**Saksopplysningar**

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeida eit forslag til interkommunal plan for sjøareala i kommunane (planen), jf. plan og bygningslova (tbl.) §§9-1, 9-2 og 9-3. Det interkommunale planutvalet (IKPU) har fått mynde til å

sende planen ut på høyring og offentleg ettersyn. Planen bygger på rammene i planprogrammet som

vart vedteke av IKPU juni 2021 og den planen som var på 1. gongs høyring. Endringane som er gjort i

forslaget ved 2. gongs høyring er omtalt i planskildringa.

Interkommunal plan for sjøareal er ein plan på kommuneplannivå, jf. tbl. kap. 9. Det skal fastsettast

juridisk bindande arealbruk med føresegn og retningsliner. Den interkommunale planen vert presentert samla, men kvar kommune skal til slutt gjere vedtak om sitt sjøareal som bygger på ein samla regional plan. Planen er utarbeidd etter planprosessreglane, jf.tbl. kap. 11.

Kva område gjeld planen for

Planområdet omfattar sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Planområdet gjeld berre sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar, vassflata , vassøyla ned og sjølve sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja og etter rammene elles i hamne- og farvannslova.

Målet med planen

Eit hovudføremål med planlegging ettertbl. er å fremme berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. Areal- og samfunnsplanlegging er ein sentral del av kommunane sitt arbeid med samfunnsutvikling.

Frist for å sende inn merknad er 14. mai. Sidan Fedje kommune ikkje har kommunestyremøte før 15. juni blir saka ettersendt til møtet i kommunestyret den 27. april. Høyringa kom for seint til å handsamast i formannskapsmøtet den 18. april.

## Vurdering

Merknadane til 1. gongs høyring er knytt til motsegn frå kystverket som gjeld areal for akvakultur på Hjeltevarden. Forslaget til AKV areal er i 2. gongs høyring flytta lengre mot sør for å komme kystverket i møte. Lerøy Vest AS, Sjøtroll Havbruk AS har kome med eit innspeil som kanskje kan godtakast av alle partar, der ein prøver å tilpassa forslag til AKV-område for å redusera påverknaden. Me legg lokaliteten lengre sørover, og med moglegheit til ei rekkje med ringar i ramefortøyning, vil ein koma bort frå grunnområda, samtidig som ein ikkje kjem nærmare leia og med moglegheit til å seila med mindre båtar på innsida av AK-området. Dette forslaget er lagt inn til 2. gongs høyring.

Det er og kome motsegn frå statsforvaltar knytt til areal for akvakultur. Motsegna er knytt til Hjeltevarden. Statsforvaltar seie: «Forslag gjeld nytt areal for akvakultur. Området er i eit eksisterande areal for akvakultur i kommuneplanen for Fedje kommune. Arealet er ikkje eigna for akvakultur. Konsekvensutgreiinga rår ifrå innspelet på bakgrunn av at det ligg i farlei og har stort konfliktpotensial for naturmangfald pga. auka belastning på sjøbotn og anadrome vassdrag og vill laksefisk. Statsforvaltaren er samd i vurderinga. Arealet for akvakultur må takast ut av planen. Motsegna er forankra i naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 13».

Forslaget til AKV areal er flytta lengre mot sør for å komme Kystverket i møte. Det er gjort ein justering av forslaget i 1. gongs høyring. Eit anlegg for akvakultur vil ligge i eit stort sjøområde (Hjeltefjorden) der ureining ikkje vil vere eit problem på grunn av straum og bølger. Problemet med lakselus bør og vere mindre her, og heller ikkje påverke villaksen i negativ forstand.

I arealdelen av kommuneplanen til Fedje kommune er Hjeltevarden lagt inn som område for akvakultur på austsida av Fedje mot Hjeltefjorden. Dette området har Fedje kommune lenge hatt ynskje om å realisere, men kystverket har motsatt seg dette, sjølv om kystverket godkjente området den gongen arealdelen av kommuneplanen var på høyring.

Det er veldig viktig for Fedje kommune å få realisert området satt av til akvakultur som ligg i arealdelen av kommuneplanen. Kommunen slit med å skaffe seg eit godt inntektsgrunnlag og fleire arbeidsplassar. Dei siste åra har tal innbyggjarar gått ned og det er no viktig for kommunen å snu denne negative utviklinga. Då treng me fleire arbeidsplassar og fleire innbyggjarar. Realisering av lokaliteten kan være med å bidra til inntekter gjennom havbruksfond og etablering av fleire arbeidsplassar som kan gi fleire innbyggjarar til kommunen. Lokaliteten er viktig for næringa av den grunn at fleire lokalitetar lengre inn i fjorden ikkje er så godt eigna (mellan anna pga terskelfjord). Akvakultur er den 2. største næringa i Noreg, etter olja og blir berre viktigare i framtida.

Lokaliteten er godt eigna til oppdrett på grunn av at lokaliteten ligg nær storhavet med god utskifting av sjø gjennom straum og bølger. Ny teknologi gjer og at lokaliteten er god.

## Folkehelse

Ikkje relevant

## Miljø

Moderne havbruksanlegg har gode tiltak for å beskytte det marine miljøet. Fedje ligg i raud sone, men dei lokale forholda med mykje straum og utskifting av vatn gjer at det er gode lokale forhold for oppdrett på Fedje.

## Økonomi

Det er viktig for samfunnet på Fedje å få etablert fleire arbeidsplassar i kommunen og få auka inntekter gjennom havbruksfond

## Konklusjon

Det er viktig for forvaltinga av sjøarealet i regionen at det lagast ein interkommunal plan for sjøareal. Då kan me sjå over kommunegrenser og gjennomføre ein god og berekraftig forvalting av sjøarealet. Likevel må me ha to tankar i hovudet samtidig. Når Fedje kommune gjennom ein lang kommuneplanprosess har fått fram lokalitet for akvakultur, så er det viktig for kommunen å få dette realisert. Lokaliteten er veldig god samanlikna med andre lokalitetar i fylket. Konflikten med kystverket meiner kommunedirektøren kan løysast ved å flytte lokaliteten noko sørover.

Kommunedirektøren vurderer det slik at Fedje kommune må få utvikle sine fortrinn for å kunne være ein berekraftig kommune i framtida, både miljømessig og økonomisk. Fiske og akvakultur er nokre av fortrinna til kommunen. Lokaliteten er og godt eigna for oppdrett på grunn av mykje straum og utskifting av vatn.

Når det gjeld motsegn frå statsforvaltar, så er det etter kommunedirektøren si vurdering at arealet tvert i mot er ein god lokalitet knytt til naturmangfald. Det vil ikkje være auka belastning på sjøbotn og anadrome vassdrag og vill laksefisk på grunn av at området har stor utskifting av vatn og mykje straum i området.

## Forslag til vedtak:

Kommunestyret tar høyringa til vitande.

Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarden) som er flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen. Fedje kommune ynskjer å bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med. Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten er godt eigna for akvakultur for å ta i vare naturmangfald.

Kommunestyret - 022/23

## K - behandling:

Nytt forslag til vedtak frå Kommunedirektøren :

Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarden) som er flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen. Fedje kommune ynskjer å bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med. Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten tvert imot er godt eigna for akvakultur for å ta i vare naturmangfald.

Plan- og bygningslova skal kunne gi fleksibilitet for at ulike interesser gjennom dialog kan finne løysingar som teke i vare alle partar.

I samband med dette opplever Fedje kommune at andre styresmakter ikkje støtter opp om vekst og utvikling i lokalt næringsliv, og har berre fokus på eige ansvarsområde.

Fedje kommune saknar dialog med statsforvaltar og kystverket i planprosessen.



#### K - vedtak:

Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarden) som er flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen.

Fedje kommune ynskjer å bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med. Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten tvert imot er godt eigna for akvakultur for å ta i vare naturmangfald.

Plan- og bygningslova skal kunne gi fleksibilitet for at ulike interesser gjennom dialog kan finne løysingar som teke i vare alle partar.

I samband med dette opplever Fedje kommune at andre styresmakter ikkje støtter opp om vekst og utvikling i lokalt næringsliv, og har berre fokus på eige ansvarsområde.

Fedje kommune saknar dialog med statsforvaltar og kystverket i planprosessen.

Samrøystes vedteke.